

Vil ta samle elektroavfall

Vartdal gjenvinning i Botnastranda har søkt Fylkesmannen i Sogn og Fjordane om utvida løyve til å kunne ta imot elektroavfall frå verksemdar og privatfolk i regionen. Søknaden gjeld for opp til 2000 tonn innsamla elektroavfall årleg for mellomlagring på området der verksemda alt har løyve til å handtere bilvrak.

Skilt for «Vårherre»

Ann Hilde Dalos og Nyborg Borettslag spør Flora kommune om å få på plass fartshumpar i Vestnesvegen mot Havrenesvegen og vidare vestover. «Det er dessverre forsvinnande få som har fått med seg at det er 30 kilometers fartsgrense i gata. Kanskje ikkje så rart at når skilta er så høge at dei

kunne ha vore meint for Vårherre», skriv ho i ein parentes i eit brev til teknisk drift i Flora kommune. Ho viser elles til at det blir køyrt vanvittig fort i Vestnesvegen, mellom anna på grunn av levering og henting av barn i Havreneset barnehage.



DETTE ER SAKA

■ Nordic Mining har planar om storstilla gruvedrift etter rutil i Vevring. Dette kan gje opp mot 170 arbeidsplassar, men vil føre til dumping av kolossale mengder steinslam i Førdefjorden.

■ For å få dette til å søkje fort, vil det bli iblanda kjemikalar som inneheld krefframkallande stoff som akrylamid.

■ Representantar for oppdrettsnæringa er sterkt imot slik deponering i Førdefjorden, som har offisiell status som nasjonal laksefjord.

MARKNADSFØRING: Norsk laks nr. 250 million kom til Paris i oktober 2008. Då var Firdaposten på plass. Johan Kvalheim, fiskeriutsending i Eksportutvalet var ein av regissørane bak jippen der laksen kom på Ritz skulle ha laksen.

– Må sikre sunt og reiri



VIL SIKRE: Johan Kvalheim, fiskeriutsending i Eksportutvalet for fisk, vil sikre norsk fisk sitt gode omdømme.

PARIS: – For Norge som sjømateksportør er det avgjerande at vi tek vare på bildet av Norge med dei kalde, klare fjordane og det friske, reine vatnet, seier Johan Kvalheim, direktør for Eksportutvalet for fisk i Paris.

HARALD J. STAVANG
harald.stavang@firdaposten.no

Vi var der i fjor haust og laga m.a. reportasje på laks nr. 250 000 000 som vart motteken med



Faksimile av Firdaposten den 28. mars.

stort presseoppbod i den franske hovudstaden.

Konsekvensar

– Eg har lese i Firdaposten om steinuttak i Vevring, men elles kjenner eg ikkje saka godt nok, til å kunne seie noko kvalifisert og det som skal skje og korleis

det vil verke på livet i havet. Eg går ut frå som sjølsagt at det blir laga grundige konsekvensanalyse om alle sider at dette, legg han til.

Kvalheim strekar under at kva anna Norge måtte frå til av industri og næringsutvikling, så ligg den lange framtida i fisk og oppdrett.

Det reine Norge

– Vi hadde for ei tid sidan ein del franske journalistar med på reportasjetur i regionen rundt Flora.

Dei leverte flotte reportasjar som streka under dette bildet om det reine Norge, eit image vi som sjømatproducent er blitt kjent for på Kontinentet, og som vi for



Kortdelt NAV i Florø

Som ei mellombels løysing for opp til to år framover skal NAV utvide litt av lokala sine på Sunnfjord Medisinske Senter (SMS). Utvidinga gjeld både for kundemottaket, men òg fleire kontor i fellesskapet. I tillegg skal NAV også disponere nokre kontor i Blomlia. Dette gjer at NAV formelt blir etablert i Flora – som ei førebels delt løysing, til vi har klar ei meir varig løysing, opplyser rådmann Terje Hegghjem.

Storøving i Flora

Onsdag skal Flora kommune køyre fullskalaøving med tema brann i sjukeheimar og liknande. Det er første gong dei køyere er så stor øving, noko som er ei oppfølging av brannen som var i omsorgssenteret i Høyanger. Brannvesenet i Flora har blitt kontakta av elderråd om saka, og har no bestemt seg for å køyre ei slik øving.



til marknaden Rungis med mykje pressefolk til stades. Kjøkkensjef Michel Roth



GRUNDER: Terje Rognsø og Fotballakademiet opplev mykje skryt for måten det blir jobba, sjølv om toppinga har mott kritikk.

Rognsø ny leiar for storhallen

FLORØ: Terje Rognsø er tilsett som ny dagleg leiar for Florø Idrettssenter. Han set seg som mål å auke aktiviteten i storhallen.

HARALD J. STAVANG
harald.stavang@firdaposten.no

Rognsø arbeider i dag i Nordea, og det er ikkje heilt klart når han kan ta over den nye jobben.

– Det må avklarast med min noverande arbeidsgjevar, men

det aller seinaste er etter sommarferien, seier Rognsø på vårt spørsmål.

– Har du idear om korleis du vil utvikle hallen vidare?

– Det er jo ganske ferskt, eg fekk melding om jobben rett for helga, men det er klart at eg har gjort meg ein del tankar. Målet er i alle fall å auke aktiviteten, men kva det konkret skal gå ut på, er litt for tidleg å seie, svarar han.

Rognsø har sjølv vore ein ivrig brukar av hallen som FSK-trenar og som trenar gjennom nyskapa-

ningen Fotballakademiet. – Hallen er bygt for idrett, og dette er sjølv sagt det primære. Eg ser for meg at vi må kunne få inn endå meir aktivitet der. Så får vi gå nøyare gjennom kva arrangement vi kan få til utanom idretten, seier Rognsø vidare.

– Kanskje ei større messe i samband med byjubileet neste år?

– Ja, kanskje det. Vi får sjå kva som passar. Det gjeld i alle fall å vere kreativ, seier Rognsø til slutt.

nt miljø

all del må halde fast ved. Skulle det blir reist tvil her, kan det få uante konsekvensar, seier Kvalheim.

Ikkje tvil

Han legg til at kontrollen med norsk fisk og sjømat er god, og det er lagt enormt mykje i å framstille norsk fisk og sjømat som sunn og reint, og vonar at andre næringar også tek omsyn til dette.

– Same kva som skjer, må vi få avklara at det ikkje kan reistas serios tvil om konsekvensane her.

Det vonar eg også at politikarane som skal avgjere dette er seg medvitne, seier Kvalheim til slutt.

«Det er lagt enormt mykje arbeid i å framstille norsk fisk og sjømat som sunn og rein. Eg vonar at andre næringar også tek omsyn til dette»

Johan Kvalheim, Ekspertutvalet for Fisk



ULYKKESBUSSEN: Dette bildet er teke frå ulykkesstaden då politiet kom på plassen.

Foto: Dag Frøyen.

Overkøyrte av bussen i sentrum

FLORØ: Ein 23 år gamal syklist vart om lag kl. 19.35 laurdag frakta med Luftambulansen til sjukehuset etter ein stygg kollisjon med Fordebussen i Markegata.

DAG FRØYEN

Ifølgje ein vitneobservasjon på staden skal ein mann ha sykla

ned Torggata frå sjukehuset i Florø sentrum. Mannen skal ha sykla nordover over gangfeltet i Markegata. Forde-bussen kom akkurat frå vest i det syklisten kom ut i gangfeltet. Bussen treffe syklisten som sklei under frontpartiet på bussen.

– Bussen hadde ikkje ein sjanse til å stoppe, seier vitnet vi var i kontakt med på staden. Han meiner det kunne gått riktig ille om syklisten hadde vore eit

sekund seinare ut i gangfeltet.

Mannen som etter rapportane var bevisstlaus etter samanstyten, vart frakta med ambulansen opp til Florø sjukehus der den venta på Luftambulansen. Den landa klokka 19.33 og var i lufta klokka 19.41. AMK kunne søndag morgon fortelje at mannen var lettare skadd og no ligg no på ortopedisk avdeling ved Sentral-sjukehuset i Førde.